

Politiske ambisjonar utan økonomiske rammer

Mai og juni var turbulente månader for samarbeidet i den europeiske unionen (EU). Først avviste så vel franskmennene som nederendarane Grunnlovstraktaten. Berre fjorten dagar seinare enda toppmøtet i ein skarp konflikt om langtidsbudsjettet for perioden 2007-2013. Overskriftene i mediene både i Europa og Noreg var «EU i krise». Kva er det så konflikten om budsjettet handlar om?

Avvisinga av Grunnlovstraktaten førte til eit skifte i konteksten for budsjettforhandlingane. Den mest sentrale politiske satsinga innanfor Unionen vart brått utsett på ubestemt tid. Fleire medlemsstatar nytta situasjonen til å dra opp interesser og konfliktlinjer som hadde vore nedprioriterte medan arbeidet med det nye politiske fundamentet for Unionen var førsteprioritet.

Nye og gamle konflikter blussa no raskt opp. Statsminister Tony Blair i Storbritannia, og fleire med han, kom med ei erkjenning av at det er eit stort gap mellom det politiske leiarskapet og befolkninga innafor Unionen. På toppmøtet uttalte Blair: «Vi må gjenopprette sammenheng mellom folkets prioriteringar og måten vi bruker EUs pengar på. Folk vil bære oss snakke om arbeidsplasser, globalisering, problemene med organisert kriminalitet og immigrasjon og se at pengebruken fokuserer på dette» (Aftenposten 15/6-2005).

Lisboastrategien for å gjere EU til den mest effektive og konkurransedyktige økonomien i verda, samt den felles utanrikspolitikken og politi- og justissamarbeidet, vert revitalisert med fokuset til Blair. Dette leiartil det eg vil hevde er hovudproblemet i forhandlingane om langtidsbudsjettet, nemleg at dei politiske ambisjonane innanfor Unionen samsvarar svært dårleg med dei økonomiske midlane som vert gjort tilgjengelege.

I røynda har ein då to val, enten auke budsjett-ramma eller omprioritere innafor rammene.

Politiske prioriteringar og nasjonale interesser

I forhandlingane om langtidsbudsjettet står medlemsstatane i ein situasjon der det er trong for politiske val om retninga til Unionen, samt politisk prioritering av kva som er sentrale satsingsområde. Då partane valte å ikkje godta utgiftene Kommisjonen budsjetterte med, vart det open konflikt om den britiske rabatten versus Den felles landbrukspolitikken (CAP). Forhandlingane om budsjettet utvikla seg til eit spørsmål om kva Unionen skal prioritere framover.

Samanbrotet i forhandlingane om langtidsbudsjettet teiknar seg langs fire konfliktlinjer:

- Storleiken på budsjettet
- Regionaloverføringane
- Landbruksoverføringane
- Den britiske rabatten

Regionaloverføringane er minst omstridd av desse. Strukturfonda og samhøyrighetsfonda skal utjamne økonomiske skeivheit innan Unionen. Budsjettposten tek i underkant av 40 prosent av EU-budsjettet. Framfor forhandlingane la EU-kommisjonen til grunn at rundt 50 prosent av overføringane skulle gå til EU-15, i hovudsak Spania, Portugal og Hellas. Resten gikk til fordeling blant dei 10 nye medlemslanda. Fleire nettobidrag-sytarar reiste spørsmål om det er formålsteneleg å bruke brorparten av overføringane til gamle medlemsland innanfor EU-15. Striden står dermed ikkje om kutt, men om fordeling eller eventuelt auke ramma slik at alle kan få.

Konflikten om storleiken på budsjettet er grovt sett mellom nettobidrag-sytarar og nettobidrag-

mottakarar. I budsjettforhandlingane var fleire av nettobidrag-sytarane meir klar for reduksjonar i budsjettet enn aukingar. Mottakarlanda er derimot naturleg nok for aukingar i budsjett-ramma. Etter som kutt var mest realistisk, var ei avkorting av den britiske rabatten ei anna løysing for å frigjere midlar. I budsjettforhandlingane såg dei 24 andre medlemslanda, samt Kommisjonen dette som ein framifrå måte å hente inn frisk kapital til budsjettet.

Det naturlege forhandlingspunkt

Dermed var striden om den britiske rabatten versus CAP eit faktum. Blair nytta sjansen til å

direkte knytte avkorting av rabatten til krav om reformer innanfor CAP, der han viste til at det er Frankrike som får dei største landbruksoverføringane. Budsjettkonflikten kuliminerte her, men truleg berre fordi ingen av nettobidrag-sytarane ynskte å stille større midlar tilgjengeleg.

Som den største utgiftsposten i budsjettet, er det mykje som skal til om ikkje CAP vert drøfta i budsjettforhandlingane. Slik sett var ei avtale frå 2002 om økonomisk «freding» av CAP-utbetalingane i perioden 2007-2013 noko spesielt. Likevel betyr ikkje eit framlegg om reduksjon innanfor CAP nødvendigvis noko klar prinsipiell motstand mot CAP. Derimot er CAP det store pengesluket i EU, og difor er det òg her ein kan frigjere midlar til andre formål. Kort sagt, dersom Unionen skal auke fellesinnsatsen på nye politiske område, utan å auke budsjett-rammene, er landbrukspolitikken og regionalpolitikken dei budsjettpostane ein kan frigjere midlar frå.

Difor enda toppmøtet som ein dragkamp der 24 medlemsland ynskte å frigjere økonomiske midlar ved å redusere den britiske rabatten, medan Storbritannia såg dette som uaktuelt utan at ein reduserte utgiftene til CAP. Samla sett speglar dermed budsjettforhandlingane at Unionen har større politiske ambisjonar enn den har økonomiske midlar. Gjennom utvidinga og dei seinare åras utforming av traktatar og fråsegn frå toppmøta, er dette eit akselererande problem. Fleire og større fellesprosjekt klatrar stadig opp på den politiske dagsordenen, medan tilsvarande initiativ på finansieringa har vore fråverande.

Etter 30 år med CAP som førsteprioritet på dagsordenen innanfor Unionen, kan det no sjå ut som CAP taper terreng. Andre politikkområde utfordrar CAP stadig sterkare, og har byrja å frettje CAP frå plassen øvst på dagsordenen. Dermed er det einaste området der ein fellesskapspolitikk fullt ut er gjennomført, brått vorte det området som vert sterkast utfordra når nye politiske prosjekt skal aktiviserast og finansierast i EU.

Torbjørn Tuft
Statsvitar,
Landbrukets Utredningskontor



«Etter 30 år med CAP som førsteprioritet på dagsordenen innanfor Unionen, kan det no sjå ut som CAP taper terreng»

Verdt å merke seg

Stadig flere er opptatt av hva de spiser – at maten er lokalt produsert og at den ikke medfører helse- og miljørisiko. Det er verdt å merke seg at både Rema 1000 og Nordfjord Kjøtt AS har sett sitt snitt til å spare noen kroner på å handle inn billig kjøtt fra Polen uten å kontrollere dette skikkelig, hvis Mattilsynets antagelser er korrekte. WTO-forhandlingene den kommende måneden er ikke bare livsviktig for norske bønder. Også forbrukerne bør få øynene opp for det som skjer.

(Leder i Klassekampen)

Ikke et spørsmål om import

Nok en gang går salmonellaalarmen. Nok en gang ser det ut til at smittetilstanden er importert mat. Som så mange andre rike land, er Norge helt avhengig av matvarer utenfra. Med de pågående WTO-forhandlingene, er det ingenting som tyder på at denne andelen vil minke. Drivkraften bak importen er forbrukernes ønsker om billig mat. Derfor blir ikke spørsmålet hvorvidt vi skal importere eller ei, men hvorledes vi best kan sikre at maten vi tar inn på denne måten holder mål.

(Leder i Stavanger Aftenblad)



Heilt feil

- Å setja den norske bonden opp mot bønder i andre deler av verda, vert heilt feil.

Me meiner dette berre vil tena multinasjonale selskap og storskala eksportretta landbruk. Taparane vert det store fleirtalet av utviklingsland og familielandbruket i dei rike landa.

(Leier Nils T. Bjørke, Hordaland Bondelag, til avisa Hordaland)

Verdens beste mat

- Poenget er at selv om maten fra Vestfold ikke er verdens beste, så er den verdens beste for dem som bor her. Her er råvarene ferske.

Vi har mye å lære av utlandet når det gjelder kokkekunst. Men det viktigste vi har å lære er at lokale råvarer og mattradisjoner er avgjørende. All god matlaging begynner der.

(Journalist og medforfatter av boka Vestfoldmat, Steinar Ullrichsen, til Sandefjords Blad)

Sterkt personleg rørt

- Eg kjenner meg sterkt personleg rørt av trugsmåla mot norsk landbruk. Dersom det kjem ein WTO-avtale slik fleire stormakter ønskjer seg, lurar eg på om alt som er lagt ned i garden av pengar og arbeidstimar skal vera bortkasta.

Også her på Jæren er det fleire bønder enn før som ikkje ser noka framtid.

(Leiar Bjarne Undheim, Norges Bondelag, til Klassekampen)



Underlege restriksjonar

Den lokale småkraftnæringa kan på ingen måte samanliknast med det enorme inngrepet som Ulla Førre-utbygginga representerte. Kraftverka ligg diskre plassert, støyen er jamt over liten og gardane får gode tilleggssinntekter. Akkurat det siste er eit vesentleg element i desse tider då tollsatsar, WTO og framtida til norsk landbruk er på dagsordenen. Derfor er det underleg at ei såkalla distriktsvennleg regjering legg opp til restriksjonar på den grøne krafta.

(Leiar i Suldalsposten)

Kommersiell mulighet

- Ny forskning er i ferd med å stadfeste at norsk fjelleiner har ein bakteriedrepende effekt som annan brisk ikkje har. Og briskeveden er interessant for kosmetikkindustrien. Dette kan utnyttast kommersielt.

(Professor i farmasi ved Universitetet i Oslo, Jan Karlsen, til avisa Valdres)

Neppe verre enn andre

Kampanjen «Hald Norge reint» har starta ein aksjon for å rydde opp i alt skrapet som finst rundt om på norske gardsbruk.

I vår tid med dagens miljøkrav kan vi ikkje ha det slik. Når vi samlar inn alt anna avfall, kan vi ikkje la den gamle ploegen eller den gamla harva stå att som eit sundrusta minne.

Målet med kampanjen er at landet skal bli reinare og at nordmenn skal få ei betre haldning til det å rydde opp etter seg. På det punktet er bønder neppe verre enn andre yrkesgrupper.

(Leiar i Sunnmørsposten)

Behov for flere folk

- Dessuten må vi få barna inn i fjøset slik at de kan bli interessert i landbruksnæringa, for i denne bransjen er det virkelig behov for flere folk.

(Gardsbestyrer Pål Johansen, Gaupen, til Ringsaker Blad)

Tro på de unge

- I et samfunn i stadig endring er det viktig at ungdom tar over og fører tradisjoner videre.

Vi har både hørt og sett at det er store utfordringer i landbruket, men jeg har tro på at de unge overvinne dette.

(Ordfører Kjell Magne Sandø, Averøy, i en hilsen til tre odelsgutter, i avisa Tidens Krav)